



BREMANGER KOMMUNE

ORDFØRAR

Olje- og energidepartementet

Pb 8148 Dep
0033 OSLO

Vår ref.
14/2164-3/K1-//KVF

Dykkar ref.

Dato:
29.09.2014

Reiten-utvalet; rapport frå ekspertgruppe om organisering av straumnett – høyringsfråsegn

Viser til høyringsnotat vedr. rapport frå ekspertgruppe om organisering av straumnett, utsendt av Olje- og energidepartementet (OED) 12.mai 2014 med høyringsfrist 01.oktober 2014.

Bremanger Formannskap vil, etter drøfting i møte 04.09.2014 under sak 81/14 Referatsak, gje fylgjande høyringsfråsegn vedr. overnevnte:

Bremanger formannskap støttar fylkesstyret i KS Sogn og Fjordane og Fylkestinget i Sogn og Fjordane si uttale i 4 pkt, som vedlagt:

1. Fylkestinget ser positivt på at utvalet erkjenner problemstillingar rundt store skilnader i nett-tariffar i ulike deler av landet. Det er og positivt at innmatingsinntektene skal gå til det nettnivået der faktisk innmating skjer. Fylkestinget beklagar derimot at utvalet ikkje har foreslått løysingar for problem knytt til urimeleg høge og aukande nett-tariffar i område med omfattande utbygging av fornybar kraftproduksjon. Kraftforedlende industri som td Elkem Bremanger må få behalde si tilknytning på høgaste nettnivå, eventuelt at det vert ein nasjonal tariff for kraftforedlende industri. Konsekvensen av manglande løysingar kan bli nedbygging av industri og næring, og sterk svekking av utbygging av fornybar energi. Fylkestinget ber om ei utgreiing av ei nettleigeordning som tek hensyn til utfordringane i område med stort potensiale for produksjon av ny fornybar energi. Fylkestinget ber om tiltak som sikrar konkurransedyktige rammevilkår.
2. Noverande nettariffar stimulerer til å leggje tung forbruk av elektrisk energi til underskotsområde (vekk frå våre overskotsområde). Dette fører til dyrare nett og større tap i nettet. Ei ny ordning må gje prissignal som fremmar rasjonell bruk av ressursane.
3. Fylkestinget meiner at den situasjonen som t.d. Sogn og Fjordane er i, med urimeleg høge og aukande nett-tariffar på grunn av lojal oppfølging av nasjonale mål om utbygging av fornybar kraftproduksjon, ikkje kan halde fram. Sentrale styresmaktar må gjere noko med dette.
4. Fylkestinget ser elles fleire av framlegga i rapporten frå Reiten-utvalet som positive. Mellom anna gjeld dette framlegget om at regionalnettet skal bli ein del av distribusjonsnettet og framlegget om DSO-organisering.

I tillegg støttar vi Elkem si høyringsfråsegn som òg ligg ved som vedlegg. Vi vil spesielt framheve dei to siste avsnitta i vedlagt høyringsfråsegn frå Elkem:

Kontoradresse: Rådhuset	Postadresse: Postboks 104	Telefon / telefaks: 95982950	E-post / web: karl.vidar.forde@bremanger.ko mmune.no www.bremanger.kommune.no	Bankgiro: 3776.07.50035
6721 SVELGEN	6721 SVELGEN	57 79 63 01		

«Elkem Bremanger er i dag tilknyttet 132 kv-linjen i Svelgen som er definert som sentralnett. Linjen er eid av Sogn og Fjordane Nett, men opereres av Statnett. I forbindelse med byggingen og idriftsettelse av 420-kv linjen mellom Ørstkog-Fardal, er det foreslått at dagens sentralnettlinje skal omdefineres til regionalnett. I forslaget fra Reitenutvalget er det lagt til grunn at alt regionalnett skal defineres som distribusjon ved implementeringen av 3. elmarkedspakke. I ytterste konsekvens vil da Elkem Bremanger gå fra å ligge i sentralnettet, til å ligge i distribusjonsnettet. Tarifferingsmessig vil dette kunne medføre en mangedobling av bedriftens faste nettkostnader, noe som kan sette bedriftens eksistensgrunnlag på prøve.

Dersom man går inn og ser på den faktiske funksjonen av nettanleggene vil deler av regionalnettet og store deler av sentralnettet på 132 kV måtte karakteriseres som transmisjon og forbli i sentralnettet. For Elkem Bremanger vil en slik gjennomgang etter vårt syn føre til at 132-kV linjen som verket er tilknyttet vil måtte klassifiseres som transmisjonsnett, da funksjonen av linjen fortsatt i stor grad vil være flytting av kraft. Det er også naturlig å anse denne linjen til å ha en N-1 funksjon til den nye 420-kV linjen. Gitt utfall i den nye linjen, vil dagens 132-kV være eneste naturlige linje til å opprettholde kraftflyten i området».

Elkem Bremanger er ei viktig hjørnesteinsbedrift i Bremanger Kommune med sine 185 tilsette. I tillegg har bedriften ei rekke underleverandører lokalt. Det er viktig å få på plass ein nett-tariff som skapar forutsigbarheit og gjev kraftkrevjande industri rammevilkår som er til å leve med sjølv i fornybar områder. Vi meiner at kraftkrevjande industri har same stabiliserande funksjon og nytteverdi i kraftsystemet uavhengig av nettnivå og bør soleis stå overfor same tariffsats, uavhengig om tilknytingspunktet ligg i regional- eller sentralnettet. Det er viktig med ei tariffering som sikrar at insentivstrukturen i sentralnett-tariffen gjev full utteljing for kraftsystemet, gjev likebehandling av industrien og unngår store, uforutsigbare utslag på tariffen i nokre utsette regionar.

Med helsing

Karl Vidar Førde
Ordfører

